

Kvartalsrapport

3-2012



Foto: Aim Challenge

SpareBank
HALLINGDAL



Kommentarar 3. kvartal 2012

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Fjellmeglaren AS, Hallingregnskap AS og Valdres Regnskap AS. Hallingregnskap er nytt selskap frå og med 2. kvartal i år etter kjøpet av selskapet i mai. Hemsedal Regnskap AS er i 3. kvartal fusjonert inn i Hallingregnskap AS.

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 3. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 0,8 mill. kroner etter goodwill-avskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og 7,7 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 AS, som alle er felleskontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest 2 eig 19,5 % av Bank 1 Oslo Akershus. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 11,3 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 32,4 mill. etter 3. kvartal.

Morbanken

Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt pr. 3. kvartal på 29,2 mill. kroner som tilsvarar 0,66 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er det same som for tilsvarende periode i fjor. Resultatet er påverka av auka tapskostnader gjennom nedskrivningar for tap på utlån, press på rentenettoen og den føreståande bankfusjonen med Øystre Slidre Sparebank.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 79,7 mill. kroner mot 77,8 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er pr. 3. kvartal på 1,79 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,82 %. Sterk pris konkurranse er med på å halde rentenettoen for norske bankar nede. Sjølv om marknadsrentene har gått ein del ned sidan i sommar, ligg innskotsrentene på same nivå og pressar rentenettoen ned. Innlånskostnadene har vore høge over lang tid. Dei er noko redusert dei siste månadane, men det påverkar ikkje rentenettoen i særleg grad fordi nye innlån til banken har gjerne høgare rente enn lån som forfell.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkreditt AS (Boligkreditt). Banken får provisjon på desse låna frå boligkredittselskapet. For å få eit komplett bilete av rentenettoen, bør ein leggje til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,10 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkreditt utgjer til saman 1,89 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For same tid i fjor var talet 1,85 %.

Netto andre driftsinntekter utgjer 46,7 mill. kroner mot 34,5 mill. i same periode i fjor. Den største auken kjem frå realiserte gevinstar og verdiendring på banken sine verdipapir. I fjor var verdipapir nedskrive for urealiserte tap, medan i år er desse nedskrivningane tilbakeført. Provisjonsinntektene viser ein fin auke gjennom auke i provisjonsinntektene på overførte lån til Boligkreditt.

Driftskostnadane etter 3. kvartal aukar frå 65 mill. i fjor til 74,5 mill. kroner i år. Alle kostnadsområde viser ein vekst, men ca. 1/3 av kostnadsveksten skuldast kostnader i samband med førebuing av den vedtekte fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november. Dette vil i stor grad vere eingongskostnader. Kostnadsveksten er litt større enn forventa.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 10,7 mill. kroner, og skuldast i stor grad ein auke i nedskrivningar for tap på allereie identifiserte engasjement.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 5.841 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 4,2 % siste 12 månader.

Balanseført utlån har ein 12-månaders vekst på 150 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste år på 473,5 mill. kroner eller 8,2 %. I privatmarknaden har banken ein vekst på 311,5 mill. eller 7,7 % siste 12 månader. Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 162 mill. kroner og 9,2 % Bankens si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,0 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 63 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 30,8 % / 69,2 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer pr. 3. kvartal 176,5 mill. kroner av utlånsvolumet. Mislegghaldet utgjer 3,4 % av brutto utlån og er på eit høgare nivå enn for eit år sidan og høgare enn banken har som målsetting. Banken har framleis eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement, og arbeider for å få redusert mislegghaldet. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 57,1 mill. kroner pr. 3. kvartal. Mislegghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 288,9 mill. kroner (obligasjonar). Banken har ei samla aksjeportefølje på 118,1 mill. kroner. Av dette blir ei portefølje av norske og utanlandske aksjar forvalta av ekstern forvaltar som per 3. kvartal er bokført til 39,3 mill. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (bl. a. Samarbeidende SpareBanker AS, BN Bank og Bank 1 Oslo) bokført med til saman 100,7 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap utgjer 58,1 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på 3.828 mill. kroner, og er ein auke på 261,1 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er auken siste året på 7,3 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 73,6 % mot 70,6 % på same tid i fjor.

Banken har pr. 3. kvartal til saman 1.100 mill. kroner i eksterne innlån, 4 obligasjonslån på til saman 850 mill. kroner og 2 banklån pålydande til saman 250 mill. kroner. Av innlåna har 350 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 16,2 % ved utgangen av 3. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

I slutten av juni godkjente Finansdepartementet fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank. I tillegg godkjente departementet oppretting av ei Sparebankstifting i Hallingdal og ei i Valdres som blir eigarar av banken sine eigenkapitalbevis. Den tekniske og juridiske fusjonen blir gjennomført 23.-25. november. Fusjonen vil påverke kostnadsbiletet for året.

Ordinær bankdrift ser ut til å gå om lag som forventa med ein positiv utlånsvekst innafor bedriftsmarknaden. Låg aktivitet i marknaden for dyre fritidseigedomar har medført auka nedskrivningar på engasjement under avvikling. Det kan vere aktuelt med nokon mindre tilleggsnedskrivningar på desse engasjementa i 4. kvartal.

Banken kjøpte selskapet Hallingregnskap AS i mai. I konsernet inngår pr. i dag 2 selskap innafor rekneskap/økonomi. Dette verksemdsområdet utgjer no ein betydeleg del av konsernet si samla verksemd – både i talet på tilsette og i omsetning. I løpet av 1. halvår 2013 vil dette verksemdsområdet gjennomgå ei restrukturering.

Hallingdal, 30.09.12/12.11.12

Kjell Vidar Bergo Ragnhild Kvernberg Kjell R. Kristiansen
Formann Nestformann

Sissel Bjørøen Ellen M. Intelhus Mikael Fønhus Kristin Ourom

Resultatregneskap 3. kvartal 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 11	3. kv. 11	3. kv. 12	30.09.11	30.09.12		30.09.12	30.09.11	3. kv. 12	3. kv. 11	Året 11
240 811	61 408	60 820	177 206	186 705	Renteinntekter og liknande inntekter	185 016	175 706	60 334	61 189	237 933
136 363	34 125	34 275	99 390	107 023	Rentekostnader og liknande kostnader	107 128	99 523	34 320	34 186	136 308
104 448	27 282	26 545	77 816	79 682	Netto rente- og provisjonsinntekter	77 888	76 183	26 014	27 003	101 625
10 298	766	-1 484	10 403	11 121	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	13 574	16 457	4 594	3 499	23 211
37 689	9 458	11 590	27 767	31 476	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	31 476	27 767	11 589	9 459	37 689
2 765	894	469	2 183	1 470	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 470	2 183	470	894	2 765
630	-3 889	2 915	-2 045	4 750	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	4 750	-2 045	2 916	-3 888	630
783	207	256	604	782	Andre driftsinntekter	41 240	22 112	14 497	12 690	28 903
46 635	5 649	12 808	34 546	46 659	Sum andre inntekter	89 570	62 108	33 126	20 866	87 668
151 083	32 931	39 353	112 362	126 341	Sum driftsinntekter	167 458	138 291	59 140	47 869	189 293
72 501	17 863	20 573	50 928	56 653	Løn og generelle administrasjonskostnader	82 133	63 330	29 438	24 067	89 630
1 925	479	480	1 436	1 471	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	8 910	5 866	3 440	2 055	7 116
18 648	3 754	5 060	12 684	16 375	Andre driftskostnader	19 826	13 882	6 463	6 612	19 504
93 074	22 096	26 113	65 049	74 499	Sum driftskostnader	110 869	83 078	39 341	32 734	116 250
58 009	10 835	13 240	47 313	51 842	Resultat før tap	56 589	55 213	19 799	15 135	73 043
11 090	3 675	2 708	5 489	10 654	Tap på utlån, garantiar mv	10 654	5 489	2 708	3 675	11 090
614	-	-	-	-	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-	-	-	-	614
46 305	7 160	10 532	41 824	41 188	Resultat etter tap	45 935	49 724	17 091	11 460	61 339
14 227	3 900	3 400	12 600	12 000	Skatt på ordinært resultat	13 541	13 464	3 960	4 471	15 346
32 078	3 260	7 132	29 224	29 188	Resultat av ordinær drift etter skatt	32 394	36 260	13 131	6 989	45 993
-	-	-	-	-	Minoritetens andel	-	-	-	-	-
32 078	3 260	7 132	29 224	29 188	Resultat	32 394	36 260	13 131	6 989	45 993

Nøkkeltal

	MORBANK			
	3. kv. 12	3. kv. 11	Året 11	Norm 11 *)
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,79	1,82	1,82	1,74
Driftskostnader i % av driftsinntekter	58,97	57,89	61,60	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,67	1,52	1,62	-1,33
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	6,90	7,17	5,89	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	4,89	5,01	4,08	4,82
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,20	0,11	0,22	0,24
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	2,97	1,89	3,29	
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 058 860	735 323	765 473	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	8,20	2,40	4,30	
Innskotsvekst i % siste 12 md.	7,32	4,69	5,08	6,57
Innskot i % av brutto utlån	73,58	70,60	72,79	
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	4,21	0,32	1,57	3,38
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	778 246	761 344	779 302	
Kapitaldekning i %	16,23	17,85	16,81	17,63
Eigenkapitalprosent	13,94	14,21	13,43	9,10
Nedskriving i % av brutto utlån	1,10	0,90	0,99	0,84

*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

Balanse per 30. september 2012 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.11	30.09.11	30.09.12	EIGEDELAR	30.09.12	30.09.11	31.12.11
74 060	14 619	44 819	Kontantar og fordringar på sentralbankar	44 820	14 619	74 060
165 628	44 414	36 320	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	40 232	46 834	166 366
5 108 556	5 052 166	5 202 090	Brutto utlån til og fordringar på kundar	5 117 541	4 975 688	5 029 856
-27 553	-24 547	-36 190	- Individuelle nedskrivningar	-36 190	-24 547	-27 553
-22 900	-20 900	-20 900	- Gruppevise nedskrivningar	-20 900	-20 900	-22 900
5 058 103	5 006 719	5 145 000	Netto utlån til og fordringar på kundar	5 060 451	4 930 241	4 979 403
282 038	272 153	288 899	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	288 899	272 153	282 038
95 687	103 486	118 050	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	119 040	104 470	96 666
91 635	82 780	100 686	Eigarinteresser i tilknytt selskap	163 496	143 293	152 491
34 892	34 996	58 115	Eigarinteresser i konsernselskap	-	10	-
1 649	103	1 649	Immatrielle egedelar	35 145	13 706	16 335
10 626	10 744	11 630	Varige driftsmidar	97 667	100 667	94 623
10 674	8 100	6 644	Andre egedelar	18 668	8 100	19 636
26 916	27 036	29 469	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	48 761	39 078	39 437
5 851 908	5 605 150	5 841 281	Sum egedelar	5 917 179	5 673 171	5 921 055
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
250 000	250 000	250 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	252 117	251 548	250 007
3 718 770	3 566 611	3 827 698	Innskot frå og gjeld til kundar	3 819 877	3 564 128	3 715 702
1 049 002	899 210	849 459	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	849 459	899 210	1 049 002
25 998	25 520	20 373	Anna gjeld	28 020	32 611	29 776
10 956	59 882	67 534	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	76 139	61 443	17 553
11 276	7 693	12 178	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	16 034	11 869	15 098
5 066 002	4 808 916	5 027 242	Sum gjeld	5 041 646	4 820 809	5 077 138
-	-	-	Minoritetsinteresser	-	-	-
-	-	-	Fond for vurderingsforskjellar	62 810	60 513	60 856
-	-	-	Annan eigenkapital	-4 522	-11 420	-2 845
771 357	747 255	771 357	Sparebanken sitt fond	771 357	747 255	771 357
14 549	19 754	13 494	Gåvefond	13 494	19 754	14 549
-	29 224	29 188	Resultat hittil	32 394	36 260	-
785 906	796 233	814 039	Sum eigenkapital	875 533	852 362	843 917
5 851 908	5 605 150	5 841 281	Sum gjeld og eigenkapital	5 917 179	5 673 171	5 921 055
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
648 864	639 471	610 601	Betinga forpliktingar	610 601	639 471	648 864

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 12	3. kv. 11	Året 11
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	176 555	151 721	120 531
- individuelle nedskrivning	34 829	24 395	24 560
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	141 726	127 326	95 971
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	-	214	10 496
- individuelle nedskrivning	-	200	2 992
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	-	14	7 504
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-2 000	2 000	4 000
Endring individuell nedskrivning	10 247	3 668	6 647
Konstatert tap i perioden	4 691	-	2 147
Inngått på tidl.konst. tap	-2 284	-179	-1 704
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	10 654	5 489	11 090

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Ål Postboks 173 3571 Ål
Geilo Postboks 13 3581 Geilo
Gol Postboks 33 3551 Gol
Hemsedal Postboks 23 3561 Hemsedal
Valdres Postboks 183 2901 Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL

